



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
APRIL 2022**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00
Onsdag 14.00 – 18.00
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11 -18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast torsdag 28. april. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 19. april kl. 24.00. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



Hei, gode sambygdingar!

Sist Bjerkreimsnytt kunne vi sjå lys i enden av tunellen vedrørende Covid. Dette lyset klarte ein president i Russland å ta frå oss ganske fort. Sidan sist har krigen brote ut i Ukraina. Det var ein setning eg aldri trudde eg skulle skrive i 2022. Det er forferdelege scener som blir broadcastet gjennom

heile verda. Eit uavhengig land blir angrepet av ei stormakt i fullskala krig i Europa. Eldre, kvinner og born blir drivne på flukt, medan deira kjære menn blir att for å kjempe for demokrati og fridom. Eg tar av meg hatten for Zelenskyy og hans militære. Måtte Ukraina seire, måtte demokratiet seire og freden finne stad att.

Vi omstiller oss i Bjerkeim kommune. Vi bygger opp ein ny integreringsenhet som skal hjelpe oss med å ta imot og hjelpe flyktingar på flukt. Over 160 sengeplassar er meldt inn frå dykk innbyggjarar i Bjerkeim. Tusen takk-enorm respons på kven som vil hjelpe. Eg håper vi får behov for dykk alle. Nå er det meldt inn 50 + 30 plasser til IMDI dei neste 2mnd. i Bjerkeim. Kommunestyret har samrøystes gitt si tilslutning til å oppskalere og ruste kommunen for denne typen situasjon. Vi er klar til å busetja, gi husrom, mat og tryggleik. Takk for alle som vil bidra. Nå gjeld det å gjera det vi kan for å trå til for eit folk utan fotfeste og tryggleik. Saman kan vi skapa den ramma for dei som kjem til Bjerkeim.

Alt anna vi held på med blir bagatellar opp mot dette. Men kvardagen må likevel gå vidare. Vi har fått ferdigstilt innspela til nytt sentrum. Nå blir det opp til vurderingskomiteen og bylivsenteret å kna innspela saman til ein rapport som skal tas vidare inn mot regulering av Nye Vikeså. Eg gler meg til fortsettinga - håper vi kjem i mål med ein plan som kan stå seg over tid, og som vil gi innbyggjarane i Bjerkeim noko ekstra!

Det var stort engasjement rundt søknaden frå Norsk Vind Faurefjellet om dispensasjon frå arealformålet for å kunne byggja ut vindpark på Faurefjell. Kommunestyre landa på eit vedtak som ber utbyggjar konsekvensutrede enkelte tema som har blitt gjenstand for debatt i saka. Tema som støy, skyggekast og visuell virkning eks. Fleirtalet ønskjer desse temaene betre belyst. Dette kan resultere i eit endå meir konkret bilete av ei eventuell utbygging, og påpeka fordeler og ulemper. Blir dette utført, skal saka på høyring til regionale og sentrale myndigheiter før vi igjen skal ta stilling til saka i Formannskapet.

Vårens vakraste eventyr er i gang. Ja eg tenkte sjølvsagt på da Landbruks- og matminister Sandra Borch gjesta Bjerkeim og Rogaland. Ho hadde eit godt besøk i Bjerkeim hjå Sven Bjarne Solberg og Nytt. Soneinndeling, jordbruksoppgjøret, kostnadsgalopp mm var sentrale tema som statsråden fekk med seg i bagasjen.

Til slutt - god lamming. Håper alle får gode, fine lam som kan gjenspeila Bjerkeim på sitt beste i sommar på alle innmark- og utmarksbeitene midt i kornsona 🍌🍌🍌

God vår og god påske når den tid kjem 😊

Vennleg helsing, Kjetil

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00





NY LIS1-LEGE

Caroline Ziesler er ny LIS1-lege ved Bjerkreim legekontor.

KULTURMIDLER 2022

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmidler fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: www.bjerkreim.kommune.no under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2021.

SE VIDEO FRA 1980 - OG 90- ÅRENE

Ny digitalisert video er nå lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under Kultur - digitaliserte videoer: Bjerkreim bedehus - stor salgsmesse

EVENTYRSTUND

Siste eventyrstund med Kari Tove på biblioteket, blir mandag 4. april kl 17.00. Velkommen!

POLITISKE MØTE APRIL

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider; www.bjerkreim.kommune.no

Kommunestyret

Tirsdag 05. kl 19.00

Kontrollutvalget

Mandag 25. kl 14.00

SOMMARHJELPER TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkkenhjelpere til Kløgetvedttunet 5 søndager i juni og august.

Arbeidstid: Søndager fra kl 11.00 - 16.30

Arbeidet passer for ungdom, og det kan bli aktuelt å dele søndagene på flere søkere.

Vet du alt nå at det er søndager i juni og august som du ikke kan arbeide, er det fint om du opplyser om dette i søknaden.

ARBEIDSOPPGAVER

Arbeidet består av å lage og selge lapper, kaffe/te og brus/is. I tillegg kommer litt rengjøring/rydding. Opplæring blir gitt.



KVALIFIKASJONER

Vi søker personer over 13 år som er fleksible og samarbeidsvillige. Oppgi gjerne i søknaden om du har erfaring fra lignende arbeid.

Søknadsfrist 19.04

KONTAKTPERSON

Annette Nedrebø Olden, rådgiver kultur, tlf: 51201114, mobil: 988 80 147

SYNGENDE KOMMUNER

KRAFTTAK
FOR SANG



MÅNEDENS SANG APRIL:

(Foreslått av sangkoret Tirla/ Borghild Hvidsten Gjedrem)

Har du fyr

Låtskrivere: Ola Bremnes / Kristoffer Havik

Ytterst i verden, ytterst i vest
kan hende du seile di skute.
Kan hende du seile tilfeldig som gjest
- kanskje du går der i rute?
Uansett treng du et punkt som e fast
der du frakte di skjøre last.
Det e nok at det står der og brenn
- en trofast gammel venn

Har du fyr, har du løkte langs din vei?
Har du fyr, et signal om riktig lei?
Ei lampe som gløde i mørket
og lose dæ ut og frem,
som tar dæ bort og hjemmefra,
men også tar dæ hjem.
Vår Herre sa det da jorda vart te:
La det bli lys! Og det ble det.

Så sette han sol og måne og stjerne
opp så vi kunne se det.
Men det som Han glemte i skapningens
gry
va alle de som e dømt til å fly
på havet i vær og vind
når skodde og mørke sett inn.
Har du fyr... osv.

Et landemerke førr håp og drøm
- helst vil vi la det bemanne
der skarven flyr og der seien svøm
ute på kanten av landet.
Et hus i havet som står han a
og gjør en seiler så glad, så glad
og rope så sjøen skvett:
Æ vil bli sett!
Har du fyr, har du løkte langs din vei?
Har du fyr, et signal om riktig lei?
Ei lampe som gløde i mørket
og lose dæ ut og frem,
som tar dæ bort og hjemmefra,
men også tar dæ hjem.

BINGO

Bjerkreim helselag skal ha bingo i Peisestova på Misjonshuset onsdag 13 april kl 14.00



DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535

LEIE AV SAMFUNNSHUSET

Konfirmasjon i 2022.

Vi leier ut lokaler.

Du kan velge liten eller stor sal.

Dersom dere ikke er veldig mange, kan lokale i første etasje (Lions lokale) være bra. Se vår facebook side.

Ta gjerne kontakt på tlf 416 00 936, Tyra Skårland.

Bjerkreim Samfunnshus.

FRILUFTSKVELD

En gang i måneden arrangerer Dalane Friluftsråd friluftskveld, i samarbeid med lokale organisasjoner. Friluftskveldene er for alle personer i alle aldre.

Vi holder vanligvis til i og ved gapahuken i skogen ved Foreknuten, mellom Bjerkreimshallen og Svelavatnet. Veien er framkommelig for barnevogn og rullestol.

Friluftskveldene er for alle, både unge og gamle, aktive turentusiaster og deg som sjelden er på tur, for personer med nedsatt funksjonsevne, småbarnsfamilier, pensjonister, innvandrere og personer som har behov for å roe ned med en kaffekopp rundt et sprakende bål.

Friluftsrådet arrangerer friluftskveldene sammen med lokale samarbeidspartnere. Programmet vil variere, men det er vanligvis enkle og morsomme aktiviteter, enkel bevertning, kaffe og sosial bålkos.

Dato: 20. april, meir info kommer på kommunens hjemmeside og hos Dalane Friluftsråd.



BERSELØPET

Søndag 24. april

Gå- eller springetur rundt Berse, 5,5 km. Oppmøte og påmelding mellom kl. 11 – kl 12 ved Bjerkreim bedehus.

Start kl. 13.00. Aktiv eller trimklasse uten rangering. Alle i trimklassen under 14 år får medalje. Barn under 11 år kan springe sammen med en voksen. Tidtakinga stoppes etter 40 minutter. Pengepremier til 1.-3. plass for kvinner og menn i aktiv klasse 1.plass kr 1000,-/2.plass kr 500,-/3.plass kr 250,-

Forhåndspåmelding til rune-osl@online.no, innen 22. april.

Betaling: Kontant, vipps #141157 eller til konto 3344 07 05907

AKTIV KLASSE

(Født 2008 eller før)

Forhåndspåmelding:

Inklusiv engangslisens 200,-
med helårslisens 170,-

AKTIV KLASSE

Påmelding samme dag:

Inklusiv engangslisens 300,-
med helårslisens 270,-

TRIMKLASSE

(Født 2013 eller før)

Forhåndspåmelding eller løpsdagen:

Inklusiv engangslisens 100,-
med helårslisens 80,-

Arr. Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL



LØPSKARUSELL

Starter med tur rundt Berse søndag 24. april.

Start ved oppmøte mellom kl 11.00 og kl 12.30. For de barna som deltar i løpskarusellen: kr 150. Dette dekker alle løp i 2022.

Løpskarusellen - Kanskje noe for deg?

Alle jenter og gutter fra 3 år og oppover kan delta på karusellen. Det blir arrangert fem løp ila vår/høst. For å få premien på karusellfesten i oktober, må en ha deltatt fire ganger. Kan du ikke delta alle ganger, er det mulig å springe 2 ganger neste karusell løp.

Senere karusell løp blir annonsert i neste Bjerkreimsnytt og på facebook i gruppen Løpskarusell BIL friidrett.

Arr. Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!
Onsdag 6. april. Sleveland - Tengesdal
Oppmøte ved Esso kl 10.00 eller ved Angusfjoset på Nese.

Ta med niste og sitjeunderlag.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 28. april kl. 14.00 - 17.00.

Stad: Litlesalen, Samfunnshuset.

Kåseri

Underholdning

God mat

Utlodning

Inngangspengar kr. 50

Alle over 60 fra Bjerkreim og nabokommunane er velkomne.

Takk til SR-bank for sponsing av husleige.

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 7. april kl 19.00, på kommunehuset på Vikeså

«Den første utvandringa frå Bjerkreim til USA». Paul Tengesdal fortel, viser bilete og les gamle brev.

Frå gammalt av blei kornet trøskja med tust. Per Spødervold viser bilete og film av dette arbeidet, og fortel litt om seinare trøskjemåtar.

Mat og kaffi. Alle velkomne!

PREMATURSTRIKK

Tirsdag 10. mai kl 19.00 Lionsrommet. Alle er velkomne.

Arr. Bjerkreim Bygdekvinnelag

RUSLETUR

Rusletur til Dagsturhytta, Hå kommune.

Onsdag 20. april kl 18.00

Oppmøte på Esso kl 17:30

Arr. Bjerkreim Bygdekvinnelag

MAT AV VÅRENS VILLE VEKSTER

2 dagers kurs med Anne Lise

Tyssebotn Gjesdal fredag 13. mai kl

18.00 – 21.30 og lørdag 14. juni kl

9.30 – 16.30. Påmelding til Anne tlf 91786083

16 plasser, pris 750,- medlemmer 500,-

Arr. Bjerkreim Bygdekvinnelag

BJERKREIMS QUIZEN

Onsdag 20. april kl.19.30 på Vikeså

Veiservice – Quizmaster: Roald

Ripland Startkontingent: kr. 30,-

pr.pers. – 4-mannslag. Du kan kome åleine; så får du ledig plass på eit lag.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Velkommen til uformelt treff på lærerrommet på Vikeså småskole, onsdag 6. april kl. 18.30-20.30. (Merk at det er første onsdag i måneden denne gang, pga. påsken).

Det serveres kaffi/te og litt å spise. De som vil kan ta med noe å spise til en felles buffèt (frukt, kake, kjeks).

BASAR

Vikeså NMS har basar onsdag 6. april kl. 18.00 (merk tida) på Misjonshuset.

Andakt/misjonsinformasjon v/Björg Tysdal Mo (leiar av hovedstyret i NMS).

Sang ved ei gruppe barn.

Åresal, lodd på bøker og kakelotteri.

VELKOMMEN!

VIKESÅ MISJONSHUS I APRIL

04. kl 19.00 Yngres og Korvetten

06. kl 18.00 Basar NMS

06. kl 20.00 Bønnesamvær

13. kl 14.00 Bingo

15. kl 19.30 Langfredagsmøte

19. kl 19.30 Logos

29. kl 18.00 Vårfest Soulkids og Soulchildren

30. kl 09.00-14.00 Vårdugnad på Misjonshuset

BJERKREIM BEDEHUS APRIL

01. kl. 19.00 Basar gutte- og jentelaget

03. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
kl. 11.20 Søndagsskule

04. kl. 19.00 Yngres

08. kl. 20.00 Fredagstreff

14. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte Imf

18. kl. 19.30 2. påskedagsmøte NLM

19. kl. 19.30 Logos på Vikeså

22. kl. 20.00 Fredagstreff



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

(endringar kan koma sjå: bjerkreimkyrkja.no, Facebook-sida eller fredagar i Dalane Tidende)

Sundag 3. april

Ikkje gudsteneste i soknet

Sundag 10. april, palmesundag,

kl. 11.00. Familiogudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Skjærtorsdag 14. april kl. 11.00.

Skriftemålgudsteneste i Ivesdal kyrkje

Langfredag 15. april kl. 11.00.

Pasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 17. april, påskedag kl.

11.00., Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 24. april

Ikkje gudsteneste i soknet

DØYPTE:

27.03.22 Åsne Skjæveland Boge-Thu

VIGDE:

04.03.22 Erika Muthoni Mwangi og Andreas Osland

DØDE:

05.03.22 Arne Ivesdal
14.03.22 Torger Kløgetvedt
15.03.22 Ruth Vikesdal
18.03.22 Gunvald Helland

FASTEAKSJONEN FOR KIRKENS NØDHJELPS ARBEID

Årets aksjonsdag blir tysdag 5. april og tema er: «Håp i ein dråpe vatn»

For lite vatn og forureina vatn tek ofte liv. Ta vel imot konfirmantane når dei kjem frå dør til dør denne ettermiddagen og kvelden. Takk for di gåve som kan gje ei framtid utan fattigdom, sjukdom og naud. I Ukraina hjelper ein no med reint vatn, tepper og hygienepakkar. I Malawi som vart råka av flaum, gjev ein krisehjelp til jordbruket.

Om de ikkje er heime, kan de gje ei gåve med VIPPS til 2426 (valfritt beløp), eller sende ein SMS med kodeordet GAVE til 2426 (Beløpet blir her 250 kr).

SALMEKVELD I IVESDAL KYRKJE

Velkomen til salmekveld i Ivesdal kyrkje onsdag 27. april kl 19.30. I år er det 100 år sidan Gustav Jensen døydd, ein sentral person i norsk kyrkjeliv rundt århundreskiftet. Han har røter frå Skjæveland og vil bli minnst denne kvelden. Gerd Aarrestad Vassbø fortel om ein salme som betyr noko ekstra for henne. Kåre Sigurd Undheim (tidlegare veterinær i Bjerkreim) på trompet og Torvald Tjåland på saksofon blir med. I tillegg vil klokkarane Ola Birkeland og Magnar Edland delta saman med organist Eli Mari Hadland.

Alle er velkomne!

KAFFIDRØS

På grunn av permisjon blir kaffidrøs flyttet til tirsdager kl 12. Fremdeles utenfor Coop Extra.

FJERNING AV VINTERDEKKE

Søppelstativa på Bjerkreim blir tømt ofte. Vinterdekke frå graver kan difor leggjast oppi - evt ved sidan av. På Ivesdal står det avfallsskase til venstre etter inngang ved den nye porten.

BAKE KAKE ELLER VERE KYRKJEVERT?

I frivillighetsåret 2022 vil gjerne Bjerkreim kyrkje ha med endå fleire frivillige i arbeidet vårt. Kan du tenke deg å bistå innimellom som kyrkjevert, levere kake, styre projektor eller vere fast gjevar til barne-/ungdomsarbeidet? Gje melding til kyrkjekontoret. Gode instruksar og nødvendig opplæring vil du få. Ring kyrkjekontoret på 51201198/91198483 (kyrkjeverje), kom innom, eller send e-post til post@bjerkreimkyrkja.no

SUPERHELTER

Kor super er du? Kanskje like super som ein heilt ekte superhelt? Eg tenkjer sjølvsagt ikkje på slike superheltear som kjem på kino og store filmar, men på slike superheltear som vil vere med å endre verda. Heilt vanlege menneske altså. Men det som er det supre med dei er at dei eig tru på at deira innsats faktisk kan bety ein forskjell. Anten det er i møte med flyktningar frå Ukraina, om det er å hjelpe eit gamalt ektepar med å slå plenen, eller det å vere ein plutselig ven med den som er einsam. Ekte superheltear stiller opp! Gjer det dei kan! For andre. Både nært og fjernt. Ekte superheltear tenkjer: «jo visst går det an å forandre verda!»

Den 5. april skal konfirmantane her i Bjerkreim vere med å samle inn til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Supre konfirmantar altså! Ja, ikkje berre dei. Også dei som gjev si gåve er aldeles supre.

Trygve Skau skriv i eit dikt:

*Husker du
at du puttet på
den pengem
i den bøssa
og tenkte
jaja en dråpe i havet
så ble det plutselig
en bønn.*

Det blir litt som det står i Apgj 11, 29: «kvar av dei skulle vera med og sende hjelp etter evne». Så lykke til alle superheltear! Både de konfirmantar og de som gjev di gåve - og alle de andre superheltear som etter evne er med å gjere verda litt betre.

Soknepresten

TILSKOT TIL MILJØVENLEG GJØDSELSPREIING

Våren er på veg og mange har alt starta med utkøyring av husdyrgjødsel. Med dei høge gjødselprisane vi har no kan det også vera økonomisk lurt å syta for god utnytting av husdyrgjødsel.

I ordninga for **Regionalt Miljøtilskot** vert det utbetalt tilskot til nedfelling eller nedlegging og i tillegg ekstra tilskot til spreiring med tilførselsslange. Her kjem difor ei påminning om regelverket for denne ordninga:

1. Spreiring av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging:

- Det blir gitt tilskot til spreiring av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging.
- Den som søker tilskot skal ha årleg gjødselplan og i tillegg skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar.
- All bruk av gjødsel skal koma fram av gjødselplanen.
- Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er **10. august**.
- All bruk av husdyrgjødsel på areal det blir søkt tilskot til skal vere spreidd med miljøvenleg metode.
- Tilskotet blir gitt til fulldyrka og overflatedyrka areal som ligg i Rogland.
- Tilskot i 2021 var 80 kr per dekar.

2. Spreiring av husdyrgjødsel med tilførselsslange:

- Det blir gitt ekstra tilskot til dei som brukar tilførselsslange ved nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel. Tilskot i 2021 var 50 kr pr. dekar.
- Maksimalt tilskot til nedfelling, nedlegging og bruk av tilførselsslange er 50 000 kr/føretak .

Ordninga kjem inn under Regionalt miljøtilskot (RMP) der søknadsfristen er 15. oktober. Meir om denne ordninga kan du finna under landbruk på kommunen sine nettsider.

KRAV OM NY GJØDSELPLAN KVART ÅR

Dei som søker produksjonstilskot eller RMP har krav om ny gjødselplan for kvart år. Vi får stadig innskjerpa at dette er eit absolutt krav og at det blir til dels store ekstrakostnader med trekk i AK tilskot dersom denne manglar ved kontroll. Planen skal innehalda all bruk av både eigen og innkjøpt husdyrgjødsel samt handelsgjødsel for alle skifta på både eige og innleidd bruk. NLR kan hjelpa til med å utarbeida slike planar.

TILSKOT TIL DRENERING AV TIDLEGARE GRØFTA ELLER PLANERT AREAL

Vi minner om litt av regelverket for denne ordninga.

- Det er ikkje lenger noko nedre grense for areal eller grøftelengde.
- Søknad skal vera innvilga for arbeidet vert sett i gang.
- Tilskotet er som før på 2000 kr. pr dekar ved systematisk grøfting eller 30 kr. pr meter ved usystematisk drenering med enkeltgrøfter.

LANDBRUKSINFORMASJON PÅ NETT

Me vil minna om at det er mykje aktuelt stoff å finna om landbruk på kommunen sine nettsider. Det kan vera ein lur plass å starta for å skaffa seg informasjon om m.a. tilskot, regelverk, søknadsfristar, bruk av gardskart, gjødsel og spreieareal, o.l. Der er m.a. og ein artikkel med litt info for dei som er nye bønder.

NY ARVELOV - LANDBRUKSEIGEDOMAR I DØDSBU

Frå 01.01.22 trådde § 99 a i den nye arvelova i kraft. Dette inneber at det er ein frist for å overføra landbrukseigedomar (eigedomar med minst 5 dekar jordbruksareal eller minst 25 da produktiv skog) frå dødsbu til ein ny eigar, innan 3 år. Som ny eigar reknast også gjenlevande ektefelle eller sambuar som eigedomen overførast til.

Den nye lova skal hindra at landbrukseigedomar vert verande i eit dødsbu over lang tid. Dette har mellom anna ført til at ingen var ansvarlege for å overhalda bu- og driveplikta. Kommunen får no melding frå tingretten når det inngår ein land-brukseigedom i dødsbu, og kven som er arvingane. Arvingane vil deretter får eit varsel frå kommunen med ein frist for å overføra dødsbuet. Der personen som eigde landbrukseigedomen er avdød for 01.01.22, reknast fristen på 3 år frå lova trådde i kraft. Dersom landbrukseigedomen ikkje skulle verta overført til nye eigarar innan fristen, kan kommunen krevja tvangssal av eigedomen.

INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim

PITTERGARDEN VIKESÅ
☎ 415 14 836, 481 81 804

*Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804*



Gitar og Handverk DA

Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT 1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!